

TAKKETALE

Geirmund Vik ved tildeling av Kongens fortjenestemedalje på Riddu Ridđu 14. Juli 2016

Tusen takk for gjæv medalje!

Det er ei stor ære for meg, - og eg er glad for at det skjer!

At det er fylkesmannen som står for utdelinga høver godt siden Troms fylke gjennom 80 år har hatt ei viktig rolle i bevaringsarbeidet med lyngshest.

Eg er spesielt glad for at det skjer på Riddu Ridđu, her i Manndalen!

Det fører oppmerksomheita dit den skal vera ein slik dag! Til lyngshesten og dit den overlevde i tronge kår og til dei folka som gjorde ein stor innsats med å ta vare på den vesle hesten – nemleg folka kring Lyngenfjorden og spesielt her i Manndalen.

Vi er glade i lyngshesten og stolte og takknemlege for at denne kulturarven er midt blandt oss i levande live!

Det er mange som fortener takk for at det har gått så bra!

Eg har vore heldig og fått arbeid for og med lyngshesten i neste heile mitt vaksne liv. Det har nok prega meg og vore til både glede og belastning for min næraste familie, som har møtt mannsterkt fram i dag. Stor takk til deko for at eg har fått rom til å driva med dette arbeidet.

Spesiell takk til mine to koner som gjennom lange ekteskap har jobba i lag med meg. Solveig som sto ved mi side da vi som unge folk blei med i lyngshestarbeidet, - og til Birgit som gjer ein stor innsats i bevaringsarbeidet. Med sin store arbeidsevne og kunnskap og breie nettverk i den norske hesteverda lar ho meg få følgja med i det som skjer også nå når mitt eige aktivitetsnivå er mykje lågare enn før!

Lyngshesten har ein svært interessant hstorie, den er i dagleg bruk og eg trur også at den har ei framtid!

Nok ein gong: Tusen takk for medaljen og eg ynskjer hasten og alle entusiastane rundt han lukke til med framtida!